



Domprosten i Bergen  
Bryggen 13  
5003 BERGEN

Dato: 16.06.2017

Vår ref: 17/00014-13

Dykkar ref:

## Retningslinjer for vigslar

Det har kome spørsmål om kva som no er gjeldande praksis vigsel utanom kyrkjene.

I dei allmenne føresegnene i vigselsliturgien står det: *"3. Handlinga skjer i kyrkja eller ein annan gudstenestestad som etter avgjerd av biskopen kan brukast til vigsel."*

Biskopen har delegert godkjenning av vigsel utanom kyrkjehuset til prostane. Dersom lokal sokneprest og prost meiner at staden er egna til vigsel kan prosten godkjenna. For godkjende stader treng det ikkje søkjast på nytt. For nye stader kan par søkja via lokal sokneprest til prosten. Det er eit krav at det er ein egna stad og at lokale prestar går inn for det. Skiljet mellom privat og kommersiell grunn er oppheva, men ein må ha løyve frå grunneigar. Reglane er dermed mjuka opp i forhold til det som tidlegare gjaldt og opnar for at ein kan vera imøtekomande innanfor rimeleg arbeidstid.

Prestar som seier ja til ein vigsel utanom kyrkja må avklara det med prosten som må vurderer arbeidstilhøva for presten og kor mykje arbeidstid prestane kan bruka på vigslar utanom kyrkjehuset. Det vil t.d. vera avgjerande om det går ut over kor mange vigslar presten kan ha når ein har teneste.

Presten er som vigslar bunden til å bruka godkjent vigselsliturgi slik den er vedtatt av Kyrkjemøtet og kan ikkje avvika frå den. Jfr. ekteskapslova § 12.

Brudeparet må dekkja ekstra kostnader for presten. Presten har ikkje høve til å bruka meir bunden arbeidstid enn vanleg for vigslar utanom kyrkja som ikkje er pålagt av prosten.

Prestar har høve til å ta betalt for utansokns vigsel for brudepar som bur utanfor tenestedistriktet. Jfr §17-18 i Tjenesteordning for menighetsprester. Presten må i så fall informera paret og gje dei skjema slik at bispedømekontoret kan fakturera.

Fellesrådet sine plikter til å leggja til rette fell bort når vigselen er utanom kyrkja, det er brudeparet som er ansvarleg for det praktiske inkludert musikk og liknande. Når det gjeld vigsel i kyrkja har fellesråd høve til å ta betaling for brudepar som ikkje er busette i kommunen, jfr «Reglar om betaling for bruk av kyrkja».

(<https://kyrkja.no/globalassets/bispedommer/bjorgvin/dokumenter/tilsette/skjemaer-lonn-og-okonomi/reglar-om-betaling-for-bruk-av-kyrkja.pdf> )

Når det gjeld vigslar som prosten har sett inn i sin arbeidsplan for prestane i prostiet, har prosten ansvar for om mogeleg å skaffa vikar dersom den oppsette presten ikkje kan.

Med helsing

Halvor Nordhaug  
biskop

Tore Skjæveland  
Kyrkjefagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Kopi til:  
'Jermod Hausberg'

Mottakarar:

Aurland kyrkjelege fellesråd, Monica Finden

Domprosten i Bergen

Prosten i Nordhordland

Prosten i Fana

Prosten i Åsane

Prosten i Hardanger og Voss

Prosten i Sunnhordland

Prosten i Vesthordland

Prosten i Sogn

Prosten i Sunnfjord

Prosten i Nordfjord

Bryggen 13

Lonsvegen 1

Fanavegen 320

Åsane senter 44

Pb 49

Hamnegata 48

Postboks 184

Kyrkjevegen 6

Kyrkjevegen 23

Pb 5

5003 BERGEN

5914 ISDALSTØ

5244 FANA

5116 ULSET

5701 VOSS

5411 STORD

5342 STRAUME

6856 SOGDAL

6800 FØRDE

6771

NORDFJORDEID